

Avtale om leige av Dalen Bryggjekafe, sommarkafè og servicebygg

mellom

**Tokke kommune, 3880 Dalen,
i det følgjande nemnd som eigar,**

og

**Dalen Hotel AS v/
i det følgjande nemnd som leigetakar**

**Avtala gjeld for åra 2015 – 2019
+ høve til forlenging/ obsjon for 2020 – 2024**

Dalen 11 / 3 - 2015

1. Føremål med avtala

Føremålet med denne avtala er å sikre drift av sommarkafè på Dalen Bryggje, og å ha ettersyn av servicebygg. Det vert vist til pkt. 3 om servicebygg.

2. Leigetilhøve.

Leigetilhøvet femnar om eigedomen gnr. 22 bnr. 113 i Tokke kommune med kafèbygg og servicebygg, nemnd som Bryggjekafèen, med inventar.

3. Servicebygg/ kafèbygg

Leigar får ansvar for nedvask av bygningane før sesong, samt sjå til at utstyret i bygningane er i orden. I tillegg til dette har leigar ansvaret for dagleg drift med reinhald, opning og stenging av servicebygget, og ettersyn 2-3 gonger kvar dag. Minimum opningstid av sanitæranlegg er frå 0800 til 2200. Sesongen er frå den dagen rutebåtane startar om våren til rutebåtane sluttar å gå om hausten. Leigetakar står fritt til å ha opningstider utanom dette. ***Opningstidene skal avtalast med eigar.***

4. Leigetida

Leigetilhøvet gjeld i tidsrommet 2015 til 31.12. 2019, med høve til forlenging i 5 nye år 2020 – 2024. Etter sesongen 2019 skal avtala reforhandlast før avtale om 5 nye år vert underskrive.

Båe parter kan seie opp avtala med 3 månader varsling.

5. Leigesum

Det skal betalast kr 0,- i leige for kvart år. Leigetakar betalar renovasjon og kommunale avgifter (ca 15 000,-/ år per 2015) for bryggjeanlegget. Eigar betalar normalt straumforbruk på bygningane/ anlegget.

6. Eigar sine plikter i leigetida.

Eigar pliktar å stille bryggjeanlegget til rådvelde for leigetakar til avtalt tid – og i driftsmessig stand.

Eigar har ansvar for ettersyn og vedlikehald av pumpestasjon i servicebygget, og i tillegg tilkomstveg og parkeringsareal på eigedomen. Eigar forsikrar bygningane og det utstyret og inventar som kommunen eig.

Eigar kostar utvendig naudsynt vedlikehald (bygningar), som skal utførast på ein fagleg forsvarleg måte. Større vedlikehaldsarbeid og utbetringar vert berre utført etter vedtak i formannskap/ kommunestyre. Eksteriøret på bryggjeanlegget er freda.

7. Leigar sine plikter i leigetida

Leigar skal drive bryggjeanlegget i samsvar med føremålet i avtala.

Leigar skal handsame anlegget med tilbørleg aktsemd og svarar for all skade i samband med bruk. Leigar skal, om ikkje anna vert avtala, på eigen kostnad syte for innkjøp og vedlikehald av inventar og utstyr.

Det skal førast inventarliste før leigar tek anlegget i bruk.

Leigar må syte for forsikring av inventar, utstyr og varelager som tilhøyrer han.

Leigar må ved uteservering ikkje stengje for kanalbåtane sin bruk av bryggja for ordinær trafikk. På området skal det haldast av naudsynt oppstillingsplass for bussar etter skilting, drosjer og anna trafikk som hentar/ bringar passasjerar frå/ til båtane.

Det skal til ei kvar tid vere ryddig kring bygningane på bryggja.

8. Råderetten i leigetida.

Føremålet med avtala gjev ikkje leigar rett til framleige utan etter samtykke frå eigar. Leigar kan heller ikkje utan samtykke frå eigar føre opp bygg på egedomen eller gjere endringar i byggmassen.

9. Misleghald.

Dersom leigar gjer vesentlege misleghald på avtala, kan eigar heve avtala. Brot på føremålet med avtala vert alltid rekna som vesentleg.

10. Attendeføring av bryggjeanlegget til eigar.


Ved lovleg oppheving av avtala skal bryggjeanlegget med kommunalt utstyr og inventar leverast attende til eigar. Ved attendelevering skal anlegget vere forsvarleg reingjort og rydda. Alt vedlikehald skal vere forsvarleg utført etter avtale med eigar.

11. Opningstida for kafeen, m.m.

Opningstida skal vere etter avtale mellom eigar og leigar. Opningstid skal vere kunngjort og stabil i høgsesong, mellom 15. juni og 20. august. Opningstida elles skal vere kunngjort og vere skilta ved inngang.


Eigar og leigetakar skal ha dialog om service/ menykonsept, og andre praktiske tilhøve før kvar sesong.

Ved større arrangement skal det vere tilstrekkeleg vakthald og sikring knytt til båthavna.



Dalen Hotel

NHG AS
ADM. DIR



Tokke kommune

Gunhild Austjord
Plan- og næringssjef

